

Emnenr. 80

Fylke: Sør-trøndelag

Tilleggsspørsmål nr.

Herad: Støren

Emne: Folkemedisin

Bygdelag: Haukdal

Oppskr. av: Jens Haukdal

Gard: Haukdal

(adresse): Snøan

G.nr. 59 Br.nr. 3

A. Merk av om oppskrifta er etter eiga røynsle. Samtale med fleire og med

B. Eller om den er etter andre heimelsmenn: (ta også med alder, heimstad, yrke):

Kari J, Hugdal, husmor, Haukdal 73 år.

SVAR

I. Husråd - kjerringråd.

Har tidlegare samla mykje stoff om gamle råder, blodstemmarar, fontenellkuler (funtenell) kopping og årelating. Dette står i ei samling som er senda inn til Norsk Folke-minnesamling, Universitetsbiblioteket, Oslo.

Overtru eller ikkje - det er ei kjent sak at folk vart hjelpne med mykje av desse gamle rådene. Ja dei har til og med god verknad den dag i dag.

1. Frå gammalt var det å vera hardfør ein sers verdfull eigenskap. Like ned til vår tid kan ein høra gamle gubbar eller gamle koner skryta av: at nei, dokter det har dei no aldri hatt bruk for å søkja. Renn iverge åt dokter berre det stekk te lite grann. Det skull ha vørre den tida han bessfar levt. Og slik i det endelause.

2. Smitte visste dei lite om. Den sjukdomen dei tala mest om var "sutt". Gammalmannsutt (sott) var det vanleg å tala om når ein eldre mann eller kone vart liggjande siste gongen. Ungdom kunne også døy av sutt. Det var slike som vart kalla skralhelsug. Denne sjuka var det som seinare fekk namnet "tæring" eller tuberkulose. Og i kvar huslyd var det ein eller fleire som gjekk og skranta med tæring. Dette var tilfelle både på gardane og i husmannsplassane. Til fern mot smitte bruka dei å tygga på einebær eller å brenna tjuru i ei lita gryte. Dei gjorde da ~~varmt~~ varmt eit jærnstykke som dei stakk ned i tjuru og pusta inn den stinne og feite røyken som kom fram. Dei kunne også ta råtjuru i munnen.

3.

Alle gardar og plassar hadde medisinar liggjande til bruk om det kravde seg.

Når julegrisen vart slakta tok dei vare på galdeblæra. Galden bruka dei mot brandsår og mot frostsår. Kamferbrennevin fans også hjå alle.

Når dei brende tjuru tok dei alltid unna beste og finaste tjuru til medisinsk bruk. Beste tjuru fekk dei som brende i myr. Når dei skulle ausa tjuru opp av myra tok dei alltid unna øvste laget i ei spunsbøtte til medisin. Denne tjuru var sers fin. Likna mykje på sirup og vart kalla: Mattjuru.

Til bruk på sår samla dei også inn røyksopp. Soppen vart lagra i skapet, og når nokonskadde seg skar dei sop-

pen over og la den reinskorne flata rett på såret. Det grodde da utan at det sette seg vondt i det. Blad av grobladkjempe samla dei også inn. Blada vart tørka og lagra saman med soppen. Når nokon fekk sår bløyte dei berre opp eit av desse blada og la det på såret. Kjerringrokk samla dei også inn for seinare bruk. Dei brukte kjerringrokken til te eller til log. Dette var til bruk mot nyresjuke m, a. Enten drakk dei teen - eller dei tok av dei tørka plantene, la dei i ei potte og slo kokande vatn over. Så sette dei seg på potta så dampen slo opp.

Til bruk for kyrne brukte dei noko som vart kalla "Kubrennvin". Det var konjak som det var sett divelsdrekke til. Ei 86 år gammal kone på Feragen i Brekken fortalde at dette var vanleg der før veterinærane kom.

Her i stroket er ikkje denne medisinen brukta slik. Elles brukte dei julsalt. Det gjorde godt for alle sjukdomar på dyra. Det var også bra til å få kyrne til å gå heimatt. Dette saltet la dei frammi peisen julekvelden og såg etter teikn i saltet juledagsmorgonen. Så gjømte dei saltet til bruk seinare i året.

4. Alle gardar og husmannsplassar hadde slike emne liggjande om det skulle melda seg bruk for dei.

5. Lån av slike ting er ikkje ~~kj~~ kjend. Alle måtte ordna seg så dei var sjølhjelpne.

6. Om tjuru og kvæ er det gje svar på med emneliste 40.

7. Treak var vanleg lakris som dei kjøpte hjå handelsmannen. Før det vart landhandel kjøpte dei lakrisen i Trondheim.

Treaken vart brukta mot krimsjuke, hoste og influensa. Dei koka da saman treak, salmiakk og sukker til eit slag mikstur.

8. Dyvelsdrekke eller Divelsdrekke som ein kalla det her var mykje brukta i gammal tid. Innhaldet i Dyvelsdrekke veit eg ikkje òmen det var å få kjøpt på apoteket. Det vart brukta til mange ting. Mellom anna vart det brukta til å halda hoggormen unna husa. Det var serleg i sæterstroka at han kunne vera lei. Dei løyste da opp Dyvelsdrekke i vatn og slo det ut rundt husveggene. Ormen heldt seg da unna.

Dyvelsdrekke vart også brukta i medisin til dyr. Det vart da sett til konjak og vart kalla "kubrennvin". Når så ei ku ikkje ville greia seg etter kalvinga men stod ~~de~~ med greislone fekk ho ein slurk av flaska. Det same fekk ho om det sette seg vondt i juret.

Eit anna medel som vart brukta ~~når~~ kua vart ståande med greislone var kongrovev. Dei samla han opp i krærne under taket i fjøset, blanda han med byggmjøl eller havremjøl og let kua få det. Da ville ho greia seg innan 2-3 timar.

9. Det var som regel dei som kjende lækjeverknaden frå plantene som samla inn det tilfanget dei meinte å ha bruk for i året. Helst var det ei gammal kone eller ein eldre mann.

10. Dei gjømte sakene i flasker, i posar av tøy, i blærer (svinegalde) og i små treesker. Det heile læste dei så inne i skap eller i kister.

11. Det var ikkje mykje som vart kjøpt inn. Ein veit ikkje av anna enn treak og divelsdrekke. Bevergjel eller som dei sa her: Bøvergjel har vori omtala, men utan at noko veit kva dette emnet var bruka til - eller om det var å få kjøpt i det heile. Helst er det vel berre eit ordlag om ting som det var vanskeleg å få tak i. Når noko skulle skaffa eit eller anna kunne dei seia: Nei det bi bøvergjel for meg det.

12. Av kramkarane vart det kjøpt ringar og giktbelte. Dette er det elles gjort greie for i svar på emneliste nr. 43. Men det var noko som ikkje vart med i det svaret av di eg først no har fått høra om det. Det var ein kramkar som for med einebærolje. Han hadde ei regle som han ramsa opp når han kom inn. Denne regla var slik:
" Enbærolje bra for alle slag, for hald, for frost, for klåe og for styngje, ha i seg og smørja på seg."

13. For det mste vart medisinsamansetningane overlevert munnleg, men det er også døme på at det kunne vera oppskrivne. Ein veit ikkje av at dette var tilfelle her, men på Røros var det ei dugande lækjarkone som hadde mange oppskrifter. Oppskriftene etter henne har eg drag på å få tak i. Eg skal ha det som er å få før året 1961 er omme. Kva som er att er ikkje godt å seia. Har ingen oversikt over det enda, men innan utgangen av januar 1961 skal eg ha tak i det.

14. Lækjebøker var det ingen som hadde her. Det einaste ein kan seia er at somme hadde svarte boka. Der stod det råder både til godt og til vondt.

15. Det er ei råd for rusk i auga - ei råd som nok har vori mykje bruka. I kråsa til fuglar fins det mange små rundslipa steinar som er fri for kvasse kantar. Desse steinane tok dei ut når dei skulle steikja fuglane. Setinane lagra dei til bruk om nokon fekk rusk i auga. Når uheldet var ute la dei berre ein av desse steinane inn på auga og blunka varleg til steinen kom i augnekråa. Da var det berre å ta han ut. Rusket sat klistra til steinen. Dette blir bruka den dag i dag i dei øvre gauldalsbygder og rundt Røros.

II. Bygdelækjarar.

A. Lækjarane.

16. Både menn og kvinner dreiv lækjarverksemda.

17. Dei var oftast frå dei større gardane i bygda - av dei beste øtter.

18. Somme tider kunne det vera innflyttarar, men det var ikkje vanleg. Dette kjem vel i noko mun av at det har vori vanskeleg for framande å få tiltru mellom bygdafolket. Var ein ikkje av god gammal bondeøtt så var ein ingen ting.

19. Dei tok oftast til med lækjararbeidet etter at dei var

4
vel vaksne.

20. Det var oftast slik at kunnskapen gjekk i arv frå far til son og frå mor til dotter. Ofte fortalde dei aldri kva dei miksa ihop. Det var patent for ætta. Måtte ikkje sleppa ut.

21. Medfødde evner kunne vel spela ei rolle, men det var lærdomen som avgjorde om det skulle bli noko.

22. Det kunne vera at ei ulykke eller ein sjukdom kunne få innverknad. Men det måtte likevel koma kunnskaper frå eit eller anna hald.

23. Her var det berre tale om hjelp når det var nokon som trong det.

24. Her fekk dei aldri noko for arbeidet. Det var berre til gratis hjelp.

25. Det var nok lite samarbeid med distriktslækjarane da dei kom. Dei tålte ikkje noko slag tevling. Ein veit berre at gamledokteren han Møller på Røros i somme høve søkte hjelp hjå Ola Gropen når det var ei vanskeleg bløding som det galdt å stansa. Ola Gropen var blodstenmar.

26. Desse karane og kvinnone fekk nok mykje kritikk. Mange av dei var langt over den ålmenne mann i klokskap og dette tålte dei ikkje, og så gjekk dei vonde orda frå munn til munn. Ofte ende da dei kloke på heksebålet og mykje god, gammal kunnskap og røynsle gjekk dermed tapt. Her har presteskapet og kjørkja gjort seg skuldige i ei synd som aldri kan bli vaska av. Det er jo ei kjent sak at det var fra det hald at heksejakta vart drivi. Heksene var ikkje anna enn høgverdige og kloke medborgarar som husmannsånd og avundsjuke ville til livs, og da var kjørkja og presteskapet alt for viljuge reidskap til å fullføra det dei vonde tunger hadde sett på gli.

båla

27. Ja diverre kom dei for retten - for hekseprosessen brann over heile Europa i lange og vonde år. Dette ligg såpass langt attende i tida at det berre er segner og legender, men det lever enda på folkemunne. Om Lisbet Nypan fins det enda mange soger her i dalføret.

28. Frøsetgallen eller Litjfrøseten levde i Soknedal. Han var til i 1880 åra. Ola Gropen på Røros frå same åra. Rosback-Maria på Røros og Petnilla Harsjøen er også frå same tidsbolken. Den første noko tidlegare.

Når det gjeld dei aller eldste tidene og hekseprosessane møtte grannar og bygdefolk alt for viljuge fram til vitne, og det var sjeldan nokon til forsvar for dei tiltala. Til det var dei alt for redde for prestane og dei som vart nemnt "Øvrighet." Alt for mange av dei som var dei tiltala takk skuldig skuva heller på for å få dei dømde til bål og brand.

B. Lækjeråd og lækjekurar.

29. Bygdedokterane bruka mykje røter, blad og bork i medisinen.

30. Slike emne samla dei sjølve.

31. Blad og bork og røter tørka dei og lagra dei i posar av papir eller ty.

32. Dei kjøpte sjeldan noko frå apotek.

33. Dei blanda medisinen sin på vanlege flasker.

34. Det var ikkje mykje av oppskrifter dei hadde. Det var mest munnleg overlevering.

35. I Soknedal er det ein bekk som renn ut i Fjell-bekken. Bekken renn rett mot aust - rett mot sola. Steinane i denne bekken er heilt kvite, og vatnet har frå gammalt vori rekna som sers helsesamt. Det var vanleg å ta noko av vatnet og lagra det på flasker til seinare bruk. Korleis det vart nruka og kva det skulle gjera godt for er ikkje så visst i dag. Det blir berre sagt at det var så helsesamt å drikka dette vatnet. Bekken er attmed sætervegen mellom Bordsalgrenda og sætertraktene i Gynnildfjellet.

36. Alle gardane i grenda tok vatn i bekken og lagra det i gammal tid.

37. Kamferbrennevin var mykje bruka i gammal tid. Det var serleg mot krimsjuke.

38. Litjførseten var kjent for å vera dugande mot sår og utslett. Det var serleg Helveteseld han var god til å gjera åt for. Han gav da noko slag veske på ei flaske, og han var serleg redd for at noko av veska skulle koma ned på golvet. Det som vart att når det var vaska på så mange gonger som han hadde sagt måtte dei alltid slå inn i eld.

39. Til årelating og kopping hadde dei reidskap.

40. Desse sakene fekk dei enten ved arv, eller dei laga dei sjøl.

41. Mange laga instrumenta sjøl, men dei hadde nok hørt gjeti frå andre korleis dei skulle vera. Det var reidskap til årelating og kopping dei laga sjøl.

42. Årelating og kopping var mykje bruka.

43. Utstyret til årelating var sneppert - eit lite knivblad som med eit raskt slag sette hol på åra.

Til kopping hadde dei eit reidskap som dei kalla: Bill. Det likna på ei bile og med denne hakka dei små hol i huda på den staden vondska sat. Så sette dei eit avsaga horn over staden. ~~Hakka~~ hornet var holt inni og over toppen hadde dei festa eit stykke tarm. Så saug dei ut lufta i hornet og let tarmen tetta holet. Undertrykket i hornet saug da blodet ut og det samla seg i hornet. Vondska rann da ut og samla seg i honnet.

44. Igler fann dei i vatn, kjøpte aldri slike på apoteket.

45. Det var serleg beinbrot og ledar ein hadde spesialistar på. Dette har halde seg gjennom alle tider like til no-tida. Le dokteren budde og bur framleies i Orkdalen. Garbergjin blir han kalla. Der er det arv frå far til son. Dei har det i fingrane.

45. Blodstemming har vori mykje drivi. Granmokallen i Støren var mykje bruka til dette. Han stemde også blod på lang avstand. Levde 1860-80 åra. Jakob Lien i Støren kunne også stemma blod.

Haldo Gylland i Horg var også god for å greia dette. Det same gjorde Henrik Solem, Soknedal, Ola Gropen, Røros og mannen i Skottgarden, Brekken var også flink med dette. Elles var det mange samar som for rundt i bygdene og greide både det eine og det andre med blod og sjukdom.

47. Dei gjømte medisinarne og instrumenta sine i skap eller i kiste.

48. Ein veit ikkje av at dei hadde skrin til å ha medisin og instrument i. Det var heller ikkje vanleg at dei vart med når nokon var sjuke. Det var berre medisin dei ordna for den sjuke.

C. Lækjebøker.

49. Andre bøker enn Svarteboka har ein ikkje hørt gjeti her i bygda.

50-52. Dette er ukjent her.

53. Dette må eg få koma attende til når eg har granska det tilfanget som er lova meg i Røros. Ventar meg mykje av dette. Det var tanken av dr. philos Olav Bø. Norsk Folke-minnesamling, Oslo skulle komi og vori saman med meg om noen granskingar av slike emne i Røros og dei øvre gauldalsbygder siste sommaren. Det høvde ikkje slik. Skal søkja kontakt med han 12/12 d. å. Kjem da til å drøfta denne granskinga nærare med han.

Jens Haukdal.